

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 08.12.2016

SAKLISTE

- SKRIV OG MELDINGAR
- DELEGASJONSSAKER
- AVTALE MELLOM GULEN KOMMUNE OG STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE OM DRIFTSTILSKOT
- EIGEDOMSSKATT. NY BEHANDLING AV SAK OM NY ALLMENN TAKSERING
- LOKALE LØNSFORHANDLINGAR 2016
- NASJONAL TILSKOTSORDNNG FOR TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND 2016. UTBYGGING I DINGJA OG NORDGULFJORDEN
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB. 2017
- HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 MED BUDSJETT FOR 2017

Stad og tid: Brekkestranda Fjordhotel kl. 11.00.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Frå ordføraren

Når de les dette er vi alt langt inne i adventstida, og jula nærmar seg med stormskritt. Tida går så altfor fort, og eit år er omme før vi veit ordet av det.

Budsjettet for neste år skal vedtakast i kommunestyre no den 08. desember, og etter nokre år med god økonomi, ser vi at Staten kuttar i overføringar til kommunar som Gulen. Veksten frå førre år er på berre 0,9 %, noko som ikkje dekkjer opp for løns- og kostnadsveksten. Så vi må spare inn på drifta vår.

Det er alltid vanskeleg når vi må spare, men det er viktig at vi grip fatt i utfordringane før

dei vert så store at vi misser kontrollen. Vi skal få dette til utan at det skal gå for mykje ut over dei gode tenestene vi har i kommunen. Så håpar vi på at Staten ser kva utfordringar vi har med dei store avstandane innad i kommunen vår.

Vi har lenge jobba i lag med næringslivet i Skipavika for å få på plass ny veg til industriområdet. Fyrst var det Fylkesmannen og hubro, seinare Fylkeskommunen som ikkje ville vere med på eit spleiselag på kostnadane. Men no har vi endeleg fått løyst desse tinga, og fylket har løyvd pengar til vegen slik at vi kan få den realisert. Dette er svært gledeleg, og er med på å gjere Skipavika endå meir attraktiv som næringsområde.

Året som har gått har vore prega av mange reformer. Fyrst kommunereformen som no er landa, og som ser ut til at vi får vere eigen kommune også i framtida.

Politireforma er no under arbeid, og det ser ut til at vi får behalde eit lensmanskontor nord for Fensfjorden som skal dekke kommunane Gulen, Solund og Masfjorden.

Regionreformen skal avgjerast no i nær framtid, og Formannskapet i Gulen har gjort vedtak om at vi ynskjer at fylka skal slå seg saman til ein større region. Vi trur dette er bra både når det gjeld vidaregåande skule og næringslivet i kommunen vår.

Det har vore ei travel tid med mange møter og mykje å ta stilling til, men eg trur at Gulen kommune med den sentrale plasseringa vi har vil ha gode mogelegheiter til å utvikle seg på ein god måte, og også i framtida yte gode tenester til innbyggjarane våre.

Eg vil få ynskje dykk alle ei god og fredeleg jul og eit godt nyttår.

Hallvard Oppedal



Handlings- og økonomiplan med budsjett

Sak om handlings- og økonomiplan er den viktigaste kommunestyresaka i løpet av eit år. I ein situasjon der kommunen sine økonomiske rammer vert stramma til er det svært viktig at kommuneplanen sin samfunnsdel vert utgangspunkt for dei tiltaka vi prioriterer i kommunen. Økonomiske konsekvensar av tiltaka skal bereknast så langt råd er og det er viktig at den samla kostnaden må vere innafør forsvarlege økonomiske rammer for kommunen.

I det framlagte handlings- og økonomiplandokumentet er det dei neste åra lagt opp til innsparingar på alle sektorar. Nytt inntektssystem får negative konsekvensar for ein distriktskommune som Gulen. Vi ser ei utvikling der meir og meir av midlane i samfunnet vert delt pr. innbyggjar. Ei slik fordeling tek diverre ikkje i tilstrekkeleg grad opp i seg dei økonomiske utfordringane knytt til det å drive ein spreiddbygd kommune.

Usikkerheit knytt til framtidige inntekter gjer at kommunen allereie no må ta dei nødvendige grep for å sikre at vi har ei forsvarleg drift framover sjølv med reduserte inntekter.

Kommunestyret tek viktige vurderingar og avgjerder om korleis kommunen sine ressursar skal forvaltast og fordelast. Slike vurderingar vert desto viktigare i ein situasjon der kommunen skal redusere drifta. Det er viktig at innbyggjarane i kommunen deltek i denne prosessen. I budsjettframlegget frå rådmannen er det lagt opp til større driftsomleggingar f.o.m. 2017, særleg innan pleie / omsorg og oppvekst. Innsparingar i 2017 er i hovudsak basert på skissert retning i ny pleie og omsorgsplan.

Gulen kommune får gode tilbakemeldingar på dei tenestene vi leverer. Når vi no står føre tøffare tidar i kommunal sektor så fordrar det eit godt samarbeid mellom alle partar som skal ta del i det arbeidet som omleggingar i tenestetilbodet vil innebere.

Mvh Reidun K. Halland, Rådmann

Kunngjeringar

Handlings- og økonomiplan med budsjett 2017

Forskrift om gebyr, avgifter, husleiger osv. 2017

Framlegg til handlings- og økonomiplan med budsjett 2017 og forskrift om gebyr, avgifter, husleiger osv. 2017 for Gulen kommune ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida.

Fram til og med **07.12.2016** er det høve til å kome med merknader til sakene. Merknader kan sendast til kommunen anten per post eller e-post.

Ressurssjukepleiar i kreftomsorg



Hei gode sambygdingar! I oktober starta eg i 40% stilling som ressursjukepleiar i kreftomsorg og lindrande behandling. Heile Gulen vil være mitt arbeidsfelt og eg har kontor på Brekke bu og omsorgssenter. Det blir

hovudsakleg onsdagar og torsdagar som blir mine ressursdagar.

Min jobb vil bestå i å være ein ressurs for personer med alvorleg sjukdom der ein har behov for hjelp enten det er planlegging av heimreise, oppfølging heime eller som ein samtale person. Oppgåvene er mange og varierte.

Eg vil også være eit bindeledd mellom sjukehus og kommune, der det er ønskelig og nødvendig. Det kan oppstå mange situasjonar når ein er under behandling og då håpar eg at det kan være godt og nyttig for den enkelte å ha ein i kommunen som ein veit ein kan ta kontakt med. Eg vil også ha tett samarbeid med fastlege og dei andre sjukepleiarane i sonene og sjukeheimen og ikkje minst helsesøstre der det er naudsynt.

Med denne informasjonen håpar eg at informasjonen sprer seg i Gulen og at eit godt samarbeid kan starte kanskje med deg eller med nokon i din familie! Ta kontakt med meg på mobil 47236906
Mvh Mona Hjartholm



Hjortejakta 2016

Hjortejakta i Gulen 2016 er frå 01.09.2016 til 23.12.2016.

Årets hjortejakt nærmar seg derfor slutten, og med det kjem tida for rapportering. Me minner difor om at alle jaktfelt må levere *Sett hjort-skjema* og *slaktevektskjema* til sin valdansvarleg.

Valdansvarleg sender desse skjema vidare til kommunen saman med skjemaet *Fellingsløyve* og *fellingsrapport for 2016*.

Eit godt alternativ er at berre rapportskjemaet vert sendt inn til kommunen og jegerane fører sine sett hjort data, felt hjort og slaktevekter på «Sett og Skutt».

Fristen for innsending til kommunen er 3. januar 2017.

Plan-nytt

Planoppstart

Deler av Gåta bustadfelt på Byrknes

Planarbeid pågår

2011011 Storevågsneset Brandanger
2013003 Gulen Industrihamn
2014006 Oppdrettsanlegg, Ortneset
Reguleringsendring Gåtafeltet.

Prosjektnytt

Utleigebygg Eivindvik: Oppstart bygging Mogelegheitsstudie symjehall, Dalsøyra- til gjennomføring
Trafikktryggingstiltak Byrknes skule-

Prosjekt starta

Barnehage Hovden - utbygging startar
Barnehage Brekke - utbygging startar
PU-bustader/aktivitetssenter - ute på anbod
Reasfaltering Rutledal-Brosvik-gjennomført
Rekkverk-Sygnefest-Dinja-gjennomført
Rekkverk Eivindvik-Sollibotn-gjennomført

Gulatingsprisen

Det kom mange gode innspel til kven de meiner fortener Gulatingsprisen. Formannskapet handsama saka i møte 18.11.2016 og vart til slutt samde om ein vinnar.

Kven som vert tildelt Gulatingsprisen 2016 vert kunngjort i kommunestyremøte på Brekkestranda Fjordhotel 08.12.2016.

Tips til julegåver?

I ekspedisjonen har vi ei rekkje flotte bøker til sals.

Brekke: Tun og Ætt	kr	550,-
Gulatinget	kr	268,-
Gulatingsboka	kr	350,-
Gulen i gammal og ny tid	kr	500,-
(pr. bok)	kr	500,-
Gulen i gammal og ny tid I-III	kr	1 000,-
Vestlandskunstnaren	kr	248,-
Mons Breidvik		
Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar	kr	270,-
Turkart over Gulen	kr	150,-

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan i tillegg tinge bøker via telefon eller e-post.

Ta kontakt på tlf. 57 78 20 00 eller postmottak@gulen.kommune.no

Opningstider i jula

Ekspedisjonen har følgjande opningstider jula 2016.



Romjula kl 10.00 - 14.00

I opningstidene er sentralen bemanna på telefon 57 78 20 00.

Eivindvik tannklinikk

Frå 12.12.2016 blir tannklinikken betjent kun med tannpleier og tannhelsesekretær.



Tannlegen er tilbake etter permisjon i mars/april 2017.



Tannklinikken er stengt frå onsdag 21.12.2016 t.o.m måndag 02.01.2017.

Vi ynskjer alle ei riktig god jul og eit godt nytt år!

Dette skjer i kyrkja

01. desember kl 19.00

Teater i Gulen kyrkje:
"Juleevangeliet - Miriam si forteljing"



04. desember kl 13.00

Adventsverkstad og gudsteneste i Risnehall, Brekke.

Gudstenesta startar kl. 15.30 v/ Jens Linde

11. desember kl 11.00

Gudsteneste i Gulen kyrkje v/ Jens Linde

17. desember kl 17.00

Julekonsert i Brekke kyrkje

18. desember kl 16.00

"Vi syng jula inn", Gulen kyrkje

24. desember kl 13.00

Mjømna kyrkje v/ Bjørn Magne Hansen

24. desember kl 14.00

Brekke kyrkje v/ Andreas Ester

24. desember kl 16.00

Gulen kyrkje v/ Jens Linde

25. desember kl 12.00

Høgtidsgudsteneste i Gulen kyrkje
v/ Jens Linde

26. desember kl 11.00

Gudsteneste på Byrknes bedehus
v/ Jens Linde

31. desember kl 23.00

Nyttårsafta, midnattsgudsteneste
Brekke kyrkje v/ Jens Linde

Nasjonal tilskotsordning mot barnefattigdom - søk midlar!

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har barnefattigdomsmidlar som skal fordelast. Søknadsfrist er 2. desember 2016.

Føremålet med tilskuddsordninga er å motverke fattigdomsutfordringar blant born og ungdom. Offentlege instansar, private aktørar og frivillige organisasjonar kan søke om midlar. Sjå www.gulen.kommune.no for meir informasjon.

Kontaktperson i Gulen er Vivian Våge.

Aktivitetsvenn

Vi leitar etter deg som har litt tid til overs og har lyst å gje ein betre kvardag til nokon som treng det. I samarbeid med Demensteamet og Brekke Helselag vil Frivilligsentralen i gang med eit prosjekt som kallast Aktivitetsvenn. Her matchar vi deg som har lyst å bidra med ein person som har fått demens. De kan saman gjere noko kjekt. Personen med demens får glede og innhald i dagen sin, samstundes som vedkommande bevarer sin identitet ved å fortsetje å få vere med på kjekke aktivitetar. Du som hjelpar får fortsetje å dyrke din interesse samstundes som du gjer ein viktig innsats for ein annan.

Den frivillige vil få kursing gjennom Nasjonalforeningen for folkehelse, og blir oppfulgt av dagleg leiar ved Frivilligsentralen.

Har du lyst å vere Aktivitetsvenn? Ta kontakt med Vivian på Frivilligsentralen.

Årsmøte fagforbundet 498 Gulen

Årsmøte 2016 for fagforbundet avd. 498 Gulen vert helde på Brekkestranda Fjordhotell **torsdag 19.01.2017 kl. 19.00**

Meny: Varm mat, Kaffi og dessert.

Påmelding innan 12.01.2017 til
Leiar Inger Brosvik Tlf. 41857759

Saker ein vil ha opp på årsmøtet må vere innsendt til leiar innan 10.01.2017
E-post: fagforb.gulen@hotmail.com

God Jul



Sakliste blir sendt på sms til alle medlemane
Med vennleg helsing
Fagforbundstyret 498 Gulen



FAGFORBUNDET